

**Dok. ref.**

07/720-11/K1-033//LTA

Dato:

Manger: 28.01.2008

REGLEMENT FOR RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er oppretta i medhald av Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. av 17.06.2005 nr 58.

1. Val og samansetjing

Rådet har 6 medlemmer oppnemnde av kommunestyret.

2 medlemmer bør veljast mellom medlemene i kommunestyret. Ein av desse bør koma frå hovudutval for plan, landbruk og teknisk.

4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Rådet vert vald for den kommunale valperioden.

2. Saksområde/oppgåver

Rådet sitt saksområde er å

- gje uttale til framlegg til økonomiplan og årsbudsjett
- gje uttale til kommuneplan og til kommunedelplanar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- gje uttale til saker som kommunale organ legg fram for rådet
- ta del i arbeid med planprogram og konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova, som gjeld kommunal verksemd
- ta del i planprosessar vedkomande kommunale bygg og anlegg (nybygg og ombygging)

Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til kommunal verksemd.

Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld enkeltpersonar.

Rådet skal kvart år leggja fram for kommunestyret melding om verksemda si, jf. lova § 8 jf. § 7.

3. Sakshandsaming

Saker som gjeld tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne skal leggjast fram for rådet i god tid før dei skal avgjerast. Rådet skal ha høve til å gje uttale i sakene.

Andre saker som nemnde under pkt. 2 skal leggjast fram for rådet.

Rådet må gjera sitt til at uttale vert gjeve i tide slik at framdrifta i sakene ikkje vert unødig forseinka.

Rådet og administrasjonen kan avtala nærmare rutinar for saksgang og samhandling.

Det skal førast møtebok frå møte i rådet. Utskrift av møteboka skal følgja saksdokumenta til det organet som tek endeleg avgjerd i saka.

Møta i rådet er opne.

Reglementet for sakshandsaming gjeld elles så langt det passar.

4. Sekretariat

Rådmannen syter for sekretariat for rådet.

5. Rettar og plikter

Kommunelova kap. 7 om rettar og plikter for folkevalde gjeld for medlemene i rådet.

Radøy kommunestyre vedtok reglementet i møte 17. januar 2008, sak 5/08.